



**ArkivSak:** 20/229  
**JournalpostID:** 20/1567  
**ArkivID:** PlanID -  
0543R146, K2 -  
Q10, K2 - L12  
**Saksbehandlar:** Kenneth Monsen  
**Dato:** 06.03.2020

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
019/20	Formannskapet	12.03.2020
012/20	Kommunestyret	26.03.2020
028/20	Kommunestyret	23.04.2020

## Godkjenning av reguleringsplan for E16: Reiesvingen

### Vedlegg:

21.04.2020	E16 Einang Plankart og bestemmelser	123420
21.04.2020	E16 Planbeskrivelse_sorlige_april	123421
21.04.2020	E16 ROS-analyse Reien	123422
21.04.2020	E16-Reien-støy	123423
21.04.2020	Hande-Øylo - Rapport - Overvannshåndtering Einang-Ulnes_v2	123424
21.04.2020	Merknadsrapport_sorlige_april	123425

### Saksutgreiing:

Statens vegvesen har sendt ut fleire reguleringsplanar på høyring som gjeld E16. 3 av dei planane gjeld E16 i Vestre Slidre – sjå vedlagt kart.

Dette er planar som er lagt ut frå statleg hald, og følgjer då ikkje vanleg kommunal saksbehandling, dette til info. Ved statleg utlegging av reguleringsplanar er det (i dette tilfellet) Statens Vegvesen (SVV) som utarbeider plandokumenta, varsler planoppstart samt tek inn innspill til 1. gongs utlegging. Vidare er det og SVV som legg ut planen til offentleg ettersyn, samt tek imot innspill som dei sjølv vurderar. Kommunens saksbehandling startar ikkje før reguleringsplanen vert oversendt for endeleg godkjenning, der kommunestyret skal eigengodkjenne denne planen på same måte som elles.

Følgjande vurdering vart lagt til grunn ved kommunen si uttale I desember 2019:

#### E16 Einang – Reiesvingen

*Her synes det som om det meste er løyst i forhold til dei problemstillingar som kommunen er oppteke av. Det kunne kanskje vore sett av fleire moglegheiter for utvida skulder tilknytte nokre av busslommene, men då busetnaden er såpass oppdelt og langstrakt langs vegen ser ein kvifor SVV har valgt å ikkje regulera dette inn.*

Ang høyringsuttale som vart sendt desember 2019 var det ingen moment som direkte gjaldt denne strekinga.

### Vurdering:

Kommunen har no motteke planforslag til godkjenning frå Statens vegvesen.

Gjennom dialog med røde grunneigarar er det komme opp ein diskusjon kring ynskje om kulvert for garden Reie, dette for å sikre trygg adkomst til fjorden. Denne diskusjonen om kulvert er komme opp fleire stader, også i Kvåle samt Røn sentrum. Ynskje frå Reie vert sidestilt med ynskje om kulvert i Kvåle, der det mest presserande behovet burde vere for å flytte beitedyr og krysse E16. Imidlertid har SVV vurdert kost opp mot nytte, og funne at dei ikkje kan legge inn slike tiltak der det ikkje er større samfunnsinteresser.

Skilnaden her på Reie (og på Kvåle som kjem til behandling på eit seinare tidspunkt) er nettopp at ynskja kulvert i Røn sentrum er meint for alle gåande mellom bustadfelt og butikksenter, og har då ei større samfunnsnytte enn om det berre er tilknytta eit/få gardsbruk med eigen adkomst til badeplass/fjorden.

Planutkastet er noko tilpassa på garden Reie for å betre kryssing av E16 i samråd med grunneigar.

Oppsummert tilrår administrasjonen at SVV sitt planframlegg vert eigengodkjent utan endringar.

#### **Forslag til vedtak:**

Vestre Slidre kommune eigengodkjenner fremlagt reguleringsplan for E16 Rønsvegen – Kongevegen, jfr plan- og bygningslova § 12-12

#### **Formannskapet 12.03.2020:**

##### **Behandling:**

Samrøystes

##### **FS- 019/20 Vedtak:**

Vestre Slidre kommune eigengodkjenner fremlagt reguleringsplan for E16 Einang - Reiesvingen, jfr plan- og bygningslova § 12-12.

#### **Kommunestyret 23.04.2020:**

##### **Behandling:**

Tilleggsforslag 1, foreslått av Frode Rolandsgard, Senterpartiet

For å sikre nok avstand til sving, set kommunestyret som krav at avkøyring til garden Reien blir lagt lenger nord enn pilar på plankart eller at det blir semje med grunneigar om avkøyring

Repr. Reien spurde seg inhabil som grunneigar der ho har hatt aktiv rolle med innspel og dialog mot SVV. Ho vart samrøystes kjend inhabil (16 røyster)

Forslag til vedtak: Samrøystes (16 røyster)

Tilleggsforslag 1: Seks røyster for, 10 røyster mot.

##### **KS- 028/20 Vedtak:**

Vestre Slidre kommune eigengodkjenner fremlagt reguleringsplan for E16 Rønsvegen – Kongevegen, jfr plan- og bygningslova § 12-12